



Til  
Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Dykkar ref.  
201004428-/JMB

Vår ref.  
2011/109

Dato  
10.04.2012

## Høyringsvar til forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning

Frå Høgskulen i Volda tillet vi oss med dette å kome med fylgjande merknader:

### *Til § 1. Virkeområde og formål*

Vi foreslår å byte ut omgrepet «minoritetsspråklig» med «fleirspråklig». Teksten står i dag under femte avsnitt til § 1. ... «Utdanningen skal gi kompetanse til å ivareta mangfoldet i barnehagen, herunder økt andel barn under tre år, barn med særskilte behov og minoritetsspråklige barn...» Vi foreslår å endre den til: «Utdanningen skal gi kompetanse til å ivareta mangfoldet i barnehagen, herunder økt andel barn under tre år, barn med særskilte behov og flerspråklige barn». Omgrepet «flerspråklig» signaliserer betre at dette er barn som brukar fleire språk. Omgrepet «flerspråklig» har dermed eit ressursperspektiv som ikkje kjem fram i omgrepet «minoritetsspråklig».

### *Til § 2. Læringsutbytte*

Krav om tilpassing til Kvalifikasjonsrammeverket pregar for tida alt fagplanarbeid. Ved fleire høve har ein sett at det er mange utfordringar knytte til ord og uttrykk som nærmast blir oppfatta som obligatoriske i planverket. Framlegget til rammeplan for barnehagelærerutdanning er somme stader prega av opphoping av standardformuleringar og lange setningar der mange ledd blir lagde til same verbal. Dette gjer teksten vanskeleg å lese, og det blir uklart kva som eigenleg er meininga med fleire av læringsutbytteformuleringane. Slike formuleringar vil gjere det vanskeleg i emneplanssamanheng å utforme konkrete læringsutbytte som både skal kunne testast og målast.

Her nemner vi nokre døme:

#### *Under Ferdigheter:*

- Kan bruke sin faglighet og relevante resultater fra FoU til å lede og motivere barns lek, undring, læring, og utvikling og begrunne sine valg.
- Verba lede og motivere er problematiske i forhold til opplistinga av kva som skal leiast og motiverast. Ein kan motivere nokon til noko, men å motivere leik, undring og læring gjev dårleg meining. Ein

kan nok leie barns leik, men det er problematisk å forstå at ein skal kunne leie barns undring og utvikling. Om ein verkeleg skulle meine dette, strir det imot vårt syn på korleis barnleg undring og oppleving skal få utfalde seg i barnehagen.

- Kan ta hensyn til barns ulike evner, bakgrunn og forutsetninger og fremme kreative prosesser og kultur- og naturopplevelser, med fokus på barns skapende aktivitet, helhetlige læring og opplevelse av mestring.

Bruken av verbet fremme passar dårleg inn i samanhengen. Kan ein fremme oppleving?

Vi støttar ambisjonane om å redusere omfanget av rammeplanen. Men vi ser at det blir krevande å skulle presse for mykje innhald inn i enkelte punkt. På denne bakgrunn rår vi til ein kritisk språkleg gjennomgang av forskrifta.

### *Kunnskaper*

Danning er eit sentralt område som er omtala i formålsparagrafen i Lov om Barnehagar.

Formuleringa kunnskap om danning gjennom omsorg, leik og læring, og tilrettelegging av barns læreprosesser bør formulerast i eit i eige kulepunkt og slik stå tydelegare fram i forskrifta.

I § 2 under Kunnskapar i kulepunkt fire står det: «Har bred kunnskap om barns språkutvikling, flerspråkligheit og gryende lese, skrive- og regneferdigheter.» Vi opplever formuleringa «gryende lese, og skrive- og regneferdigheter» som ei for snever formulering. Her må ein krevje at kandidaten har brei kunnskap om noko langt meir enn berre barns «gryende ferdigheter». Vi foreslår å endre formuleringa til:

- «Har bred kunnskap om barns matematikk- og språkutvikling, språklæring, flerspråkligheit og lese- og skrivekompetanse.»

Vi meiner det er gode grunnar til følgjande tilleggspunkt under Kunnskaper:

- Har bred kunnskap om barns kreative utvikling og estetiske læringsprosesser
- Har bred kunnskap om barns kroppslige aktivitet og utvikling

### *Ferdigheter*

Vi foreslår å byte ut omgrepet fagligheit med kompetanse i kulepunkt ein og tre.

Vi foreslår i tillegg språklege endringar i tre av kulepunktta:

Kulepunkt *ein*

- Kan bruke forskingsbasert kunnskap og generell kompetanse til å lede og stimulere barns lek, læring og utvikling. Kandidaten bør kunne begrunne sine valg.

Kulepunkt *to*

- Kan stimulere, støtte og vurdere barns begrepsmessige og språklige utvikling, og barns sosiale, emosjonelle og fysiske utvikling.

Kulepunkt *sju*

- Kan lede og veilede medarbeidare og kunne reflektere kritisk over egen praksis.

*Nytt kulepunkt:*

- Kan utvikle fellesskap mellom barn innanfor en inkluderende ramme.

### *Generell kompetanse*

Forslag til justering av 3. kulepunkt:

- Kan formidle sentralt fagstoff muntlig på norsk og skriftlig på bokmål og nynorsk på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng.

### *Til § 3. Struktur og innhald*

Struktureringa av utdanninga i seks kunnskapsområde er møtt med uro i mange av våre fagmiljø. Når så mange ulike fagmiljø skal samarbeide, byr det på store utfordringar. Det er fagleg komplisert å skape nye kunnskapsområde. Tidlegare erfaringar frå arbeid med tverrfaglege emne i førskulelærerutdanninga understrekar dette. Resultatet kan lett bli at samarbeidet bli så krevjande at ein ender opp med å dele opp temaet i ulike faglege undertema. Dermed risikerer ein at den gode intensjon om tverrfaglege kunnskapsområde endar med meir fragmentering enn nokon gong.

### *Skifte av namn frå førskulelærerutdanning til barnehagelærerutdanning*

Det er ulike syn på det foreslåtte namneskiftet her ved Høgskulen i Volda.

Institutt for pedagogikk seier at dei er samde i forslaget til nytt namn på utdanninga, og at barnehagelærerutdanning er eit godt namn.

Nokre fagmiljø meiner det gamle namnet førskulelærerutdanning er betre. Dei argumenterer med at:

- Namnet er godt innarbeidd
- Omgrepet førskulelærer plasserer barnehagen tydeleg inn som ein del av utdanningsløpet. Det understrekar samarbeidet og samanhengen mellom barnehage og skule.
- Ein fryktar at namneskiftet kan svekke statusen til yrket.

Innhaldet i utdanninga er mykje viktigare enn nemninga, men vi bed departementet legge merke til dei gode argumenta for å halde på det innarbeiddde namnet.

Med venleg helsing,

Per Halse, rektor.